

---

Saksnr: 2026/4528-3  
Saksbehandlar: Bjørnar Tjoflot

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.05.2026

## Høyringsfråsegn til revisjonsdokumentet for reguleringa av Lærdalsvassdraget

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet er positive til at vilkåra for reguleringa av Lærdalsvassdraget vert moderniserte gjennom vilkårsrevisjonen, og legg til grunn at oppdaterte konsesjonsvilkår bidreg til ei meir tidsriktig og heilskapleg forvaltning av vassdraget, der omsynet til kraftproduksjon, systemtenester, miljø og samfunnsinteresser er balansert.
2. 1946-konsesjonen Søndre Sulevatn fell inn under ordninga med sektoravgift for kulturminne. Fylkesutvalet tilrår kulturminneundersøkingar basert på potensial for ny kunnskap.
3. Om reviderte konsesjonsvilkår for 1966-konsesjonen og 1969-konsesjonen medfører nye terrenginngrep må det såleis takast inn i reviderte vilkår at tilhøve til automatisk freda kulturminne må avklarast jf. kulturminnelova § 9 før anleggstart.
4. Fylkesutvalet i Vestland ber om at det setjast inn i reviderte vilkår at Vestland fylkeskommune skal kontaktast før eventuelle planlagde nedtappingar/særleg låg vasstand, slik at tidlegare registrerte kulturminne kan tilstandsregistrerast og kartfestast.
5. Eventuelle tiltak som kan påverke fylkesvegane må avklarast med vegstyresmakta. Vi gjer merksam på pågåande planarbeid for fylkesveg 271.
6. Det vert lagt til grunn at det vert stilt krav om innbetaling til villreinfond og avbøtande tiltak som avgrensar forstyringar frå infrastruktur, og at det ikkje vert lagt til rette for ferdsel i viktige villreinområde.

### Samandrag

Saka gjeld høyring av revisjonsdokument for vilkårsrevisjon av konsesjonane for regulering av Lærdalsvassdraget i Lærdal kommune. Revisjonen omfattar eldre konsesjonsvilkår og tek sikte på å vurdere om dei bør oppdaterast i lys av dagens kunnskap, regelverk og miljøomsyn, mellom anna knytt til vassføring, økologiske forhold og andre allmenne interesser. Vestland fylkeskommune er høyringspart i saka, og det er behov for politisk behandling for å fastsetje fylkeskommunen sitt syn på revisjonen. Vedtaket i saka vert sendt til NVE som høyringsuttale, saman med dette saksframlegget. Høyringsfrist er 26.05.26.

fylkesdirektør

direktør  
Næring, plan og innovasjon (NPI)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing


Bakgrunn for saka

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sendt revisjonsdokument for reguleringa av Lærdalsvassdraget i Lærdal kommune på høyring. Revisjonsdokumentet gjeld vilkårsrevisjon av konsesjonar frå 1946, 1966 og 1969 for vassdragsregulering i Lærdalsvassdraget. Desse omfattar mellom anna regulering av Søndre Sulevatn, overføringar i Lærdalsvassdraget og regulering av Vassetvatn. Vilkårsrevisjonen har som føremål å vurdere om konsesjonsvilkåra bør oppdaterast i lys av dagens kunnskap, regelverk og miljømål, særleg knytt til naturmiljø og andre allmenne interesser. Østfold Energi AS, som konsesjonær, har på oppdrag frå NVE utarbeidd revisjonsdokumentet.

Revisjonsdokumentet gjev ei samla framstilling av reguleringane i vassdraget, kjende skadar og ulemper, innkomne krav frå råka partar og konsesjonæren sine vurderingar og framlegg til eventuelle endringar i vilkår og manøvreringsreglement. Vestland fylkeskommune er høyringspart i saka, og politisk handsaming skal fastsetje fylkeskommunen si fråsegn til NVE.

Skildring av dagens regulering av Lærdalsvassdraget

Lærdalsvassdraget er eit stort og komplekst vassdrag i indre Sogn. Reguleringa byggjer på konsesjonar gjevne i perioden 1946-1969, og omfattar fleire magasin, overføringar og kraftverk.




Figur 1: Kartutsnitt med oversikt over utbygginga. Blå strekar er vassvegar, gule vatn er magasin som er inkluderte i reguleringa og raude firkantar er kraftverk. Kjelde: revisjonsdokumentet/Østfold Energi

Reguleringa er utforma som eit takrennesystem, der vatn frå fleire høgfjellsmagasin og sidefelt vert samla og nytta til kraftproduksjon i hovudvassdraget. Dei viktigaste magasinane i reguleringa er mellom anna Søndre Sulevatn, Juklevatna, Eldrevatn, Øljustjøen, Kvevatn og Vassetvatn, som har ulike storleik og reguleringshøgde.

Vassetvatn er eit sentralt knutepunkt i reguleringa og fungerer som inntaksmagasin til Borgund kraftverk, som er hovudkraftverket i vassdraget. Vatnet blir ført gjennom tunnelar og kraftverk før det renn vidare i Lærdalselva. Reguleringa omfattar også pumpeløysingar, mellom anna Mørkedøla pumpe, som aukar fleksibiliteten i bruk av magasinane.

Dagens regulering påverkar fleire delar av Lærdalselva og sidevassdraga gjennom endra vassføringsmønster. Samla sett har reguleringa ført til høgare vintervassføring og lågare vår- og

sommarvassføring enn naturleg tilstand. Samstundes har reguleringa stor betydning for flaumdemping, særleg ved store nedbørshendingar, der magasinane kan halde tilbake vatn og redusere flaumtoppar.



Figur 2: Gjennomsnittleg vassføring pr måned før og etter reguleringa. Den regulerte kurva (raud) frå observerte data ved Stuvane målestasjon, medan den uregulerte (blå) er frå skalert data frå Skjærsbrui målestasjon. Kjelde: Revisjonsdokumentet/Sintef

Reguleringa skjer innanfor gjeldande manøvreringsreglement, som set rammer for korleis magasinane og kraftverka kan driftast. Reglementet inneheld krav om mellom anna mjuke overgangar i vasslepp og at kraftverka ikkje skal ha utprega døgnregulering. Desse reglane er meint å avgrense negative verknader for naturmiljø, fisk og andre brukarinteresser, samstundes som reguleringa skal oppfylle føremålet om kraftproduksjon og samfunnstryggleik. Vilårsrevisjonen skal i denne samanhengen vurdere om gjeldande manøvreringsreglement og tilhøyrande krav er eigna og tilstrekkelege i dag, eller om dei er mogne for oppdatering i lys av ny kunnskap, endra rammevilkår og gjeldande miljømål.

#### Vedtakskompetanse

Jf. Reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for fylkesutvalet kap. 7. Høyringsuttale og kap. 22. Energilova.

Høyringsfristen i denne saka var slik at det ikkje lét seg gjere å leggja saka fram for både hovudutval for næring og fylkesutvalet. Det er vanleg praksis at saker som gjeld energi vert handsama i begge utvala, men når fristane er knappe, vert saka lagt direkte til fylkesutvalet, som har vedtakskompetanse og hyppigare møtefrekvens. Administrasjonen ber om utsetjing av høyringsfristar der det er naudsynt for å sikre brei politisk behandling, men slike utsetjingar vert som oftast innvilga berre ved kortare fristar.

#### Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte i saka.

#### Vurderingar og verknader

Dei faglege vurderingane i saka er gjort i lys av gjeldande regionale planar og strategiar vedtekne av Vestland fylkeskommune. Dette omfattar mellom anna Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035, Regional vassforvaltingsplan 2022-2027 og regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033. Desse, ilag med resten av planane og strategiane våre, legg samla føringar for korleis omsyn til kraftproduksjon, klima, miljø og berekraftig bruk av naturressursar skal vektleggjast. Vurderingane tek utgangspunkt i fylkeskommunen sitt ansvar for å ivareta regionale interesser og sikre ei heilskapleg avveging mellom miljøomsyn, samfunnstryggleik og langsiktig verdiskaping.

#### **Administrative/økonomiske konsekvensar:**

Saka har avgrensa direkte administrative og økonomiske konsekvensar for Vestland fylkeskommune. Saka vert handsama innanfor ordinær verksemd, utan kjende nye kostnader for fylkeskommunen.

Det kan likevel oppstå indirekte økonomiske konsekvensar av utfallet av vilkårsrevisjonen. Viss NVE fastset nye eller skjerpa avbøtande tiltak som reduserer kraftproduksjonen i Lærdalsvassdraget, kan dette over tid medføre lågare tilgang på konsesjonskraft, og dermed redusert økonomisk verdi for fylkeskommunen. Eventuelle slike verknader er på noverande tidspunkt uavklara og vil avhenge av dei endelege vilkåra som vert fastsette i revisjonen.

#### **Kraftproduksjon og kraftsystem:**

Kraftproduksjonen i Lærdalsvassdraget er betydeleg og har stor verdi nasjonalt. Samla årleg kraftproduksjon i vassdraget er om lag 1 200 GWh, der Borgund kraftverk er det klart største anlegget med ein middelproduksjon på rundt 1 030 GWh per år, medan Øljusjøen, Stuvane og Eldrevatn kraftverk stå for resten. Reguleringane i vassdraget gir relativt høg magasin- og reguleringsevne, og gjer anlegga viktige i periodar med høgt kraftforbruk og lite naturleg tilsig, først og fremst om vinteren. Kraftverka bidreg i tillegg med system- og balansenester til kraftsystemet. Dette er avgjerande i eit kraftsystem med aukande innslag av uregulerbar fornybar energi. Borgund kraftverk har ei særleg rolle for lokal og nasjonal forsyningstryggleik, mellom anna som reservekraft ved utfall i transmisjonsnettet der det kan bidra til øydrift i Lærdal.

I lys av Regional plan for fornybar energi og Regional plan for klima er det viktig at vilkårsrevisjonen tek vare på vasskrafta si rolle som ein stabil og klimavenleg grunnpilar i kraftsystemet, samstundes som miljøtiltak vert vurderte ut frå dokumentert nytte og samla verknad for forsyningstryggleik, kraftbalanse og samfunnsnytte.

Produksjonen er i hovudsak knytt til Statnett sitt 300 kV sentralnett på Borgund, som er ein radial med vidare overføring austover mot Hallingdal, utan direkte kraftleidningar vestover innan Vestland fylke. Dette inneber at brorparten av krafta i praksis vert ført ut av fylket gjennom det overordna transmisjonsnettet, sjølv om anlegga har stor lokal betydning for forsyningstryggleik i Lærdal.

#### **Infrastruktur og veg:**

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg uttalar oss som forvaltar av fylkesveg, med særskilt fokus på trafikktryggleiken og framkome for alle trafikantar. Langs Lærdalsvassdraget er det tre fylkesvegar: 271, 5630 og 630. Om endringane i konsesjonsvilkåra får verknadar for vassføring og magasinfylling/tapping og som kan påverke fylkesvegane må dette takast omsyn til.

Om tiltaka i tilknytning til fylkesvegane vil føre til nye avkøyrslar eller til endra eller utvida bruk av eksisterande avkøyrslar, må dette søkjast om (<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-ogdispensasjonar/avkoyrseisloyve/>).

Vestland fylkeskommune har eit pågåande planarbeid knytt til fylkesveg 271 som mellom annan omhandlar fortau langs skuleveg og ny bru over Lærdalselva. Arbeidet er sett på vent av omsyn til koordinator opp mot prosjektet knytt til flaumsikring av Lærdalsøyri.

#### **Friluftsliv og folkehelse:**

Lærdalselva er ei velkjend storlakselv og i følgje Store norske leksikon ei av dei leiande sportsfiskarelvane i Noreg. I tillegg til laksefiske er det i følgje «Elveguiden» også eit godt sjøaufiske i elva.

Sportsfiske er ein viktig friluftslivsaktivitet og Lærdalselva må kunne seiast å vere ei viktig sportsfiskarelv både i eit lokalt, regionalt og (inter)nasjonalt perspektiv. Frå eit friluftslivsfagleg perspektiv vil det derfor vere viktig at konsesjonsvilkåra legg til rette for gode tilhøve for fisk og fiske i Lærdalselva.

Sjølv om Østfold Energi i sitt revisjonsdokument slår fast at det er primært er andre årsaker enn vassdragsproduksjon som trugar fiskebestanden i Lærdalselva, meiner vi at elveigarlaget sitt krav om utvida og oppdaterte krav til minstevassføring må takast på alvor og vurderast i samband med konsesjonsrevisjonen av friluftslivssyn.

#### **Klima:**

Saka vurderast i lys av Regional plan for klima 2022-2035, som legg til grunn mål om netto nullutslipp i Vestland innan 2030 og god klimatilpassing i samfunn og arealbruk. Kraftproduksjonen i Lærdalsvassdraget er fornybar og regulerbar vasskraft, og har ei viktig rolle i omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Revisjonsdokumentet legg samtidig vekt på at eventuelle nye miljøvilkår skal vurderast opp mot konsekvensar for produksjon, reguleringsevne og forsyningstryggleik, slik at klimanytta av vasskrafta ikkje vert vesentleg svekka.

Reguleringa påverkar allereie natur og arealbruk, men mykje av revisjonen er retta mot justeringar i driftsreglar og avbøtande tiltak, snarare enn nye fysiske inngrep. Dette gir moglegheit for å betre miljøtilstanden innanfor eksisterande arealrammer, i samsvar med målet om å avgrense ytterlegare naturbelastning.

Venta klimaendringar og klimatilpassing er adressert i revisjonsdokumentet som og peikar på auka nedbør, meir ekstremvêr og større flaumrisiko i framtida. Regional plan for fornybar energi seier at auka nedbør og nye flaumføresetnader skal kome både miljøet og kraftsystemet til gode. Magasin og regulering i Lærdalsvassdraget har i dag ein dokumentert flaumdempande effekt, særleg ved middels flaumar, og revisjonen må sikre at denne funksjonen ikkje vert svekka, men vurdert i lys av endra klimaføresetnader.

Når det gjeld grøn omstilling av næringslivet, bidreg regulerbar vasskraft til å leggje til rette for elektrifisering og auka bruk av uregulerbar fornybar energi i kraftsystemet. Revisjonsdokumentet peikar på at fleksibilitet i vasskraftsystemet vert endå viktigare i eit klima i endring og i eit kraftsystem med meir sol- og vindkraft.

#### **Kulturminne og kulturmiljø:**

Reguleringa omfattar magasinerna i den sørlege delen av Lærdalsvassdraget mellom Lærdal og Hemsedal. Høgfjellet i dette område har omfattande spor etter førhistorisk aktivitet, særleg knytt til jakt og fangst av villrein i eldre og yngre steinalder. Det er påvist funnrrike lokalitetar, med store mengder reiskapar og avslag i kvartsitt. Kvartsitten er henta frå steinbrot i fjellområdet Kjølskarvet, som har vore i bruk over fleire tusen år. Den grønbanda kvartsitten her frå vart utnytta i stor skala og har blitt distribuert over et vidt område i Sør-Noreg. I området er det òg påvist ei rekkje fangstanlegg, med spor etter dyregraver, leiegjerder og bogastelle. Fleire av dei førhistoriske kulturminna vart registrerte og undersøkte på 1960- og 1970-talet i samband med kraftutbyggingane i fjellområda mellom Lærdal og Hemsedal. Ein del av desse kulturminna ligg i område som vart neddemde som følge av regulering. Seinare arkeologiske registreringar har påvist fleire nye automatiske freda kulturminne, mellom anna rundt Eldrevatn, Juklevatn, Kvevatn, i Kjöldalen og Kjølskarvet.

#### **Sektoravgift for kulturminne**

I 2008 blei det innført ein ordning med sektoravgift som skal brukast til å dekkje kostnader til arkeologisk undersøking i vassdrag der konsesjonar er gitt før 1960 der det ikkje vart gjort arkeologiske undersøkingar ved utbygging. Sektoravgift ligg under Olje- og Energidepartementet, kap. 1820 post 74 tilskot til museums-/kulturminnetiltak. Retningslinene for bruk av ordninga er fastsett av Miljøverndepartementet (2011). Sektoravgifta skal dekke utgifter til registreringar, undersøkingar, utgravingar, konservering og sikringstiltak og omfatte alle automatisk freda kulturminne innanfor områder som blir påverka av reguleringa.

Riksantikvaren står som ansvarleg for forvaltninga av desse midlane. Fylkeskommunen uttalar seg på denne bakgrunn frå eit reint fagleg ståstad og vurderer kva som er kjend av automatisk freda kulturminne i konsesjonsområda, samt gjer ei vurdering av potensial av nye funn.

#### **Regulering av Søndre Sulevatn**

Sidan opphøveleg konsesjon vart gjeve før 1960 og det ikkje vart gjennomført arkeologiske registreringar før regulering, fell søknaden om konsesjonsfornying under ordninga med sektoravgift for kulturminne. Det vart gjennomført arkeologiske registreringar i området på 1960-talet i samband med konsesjonen for Lærdalsvassdraget av 1966. Desse registreringane var ikkje knytte til vilkår i 1946-konsesjonen og vart gjennomført etter at reguleringa var etablert. Det er difor vår vurdering at reguleringa av Søndre Sulevatn skal omfattast av sektoravgift for kulturminne, jf. vilkår post 10 i konsesjonen.

#### *Automatisk freda kulturminne*

I samband med arkeologiske registreringar på 1960 talet vart det påvist 12 steinalderlokalitetar frå området, og av desse skal to lokalitetar ha blitt undersøkt gjennom utgraving. Kulturminna som vart påvist den gongen er derimot ikkje kartfesta i kulturminnedatabasen Askeladden, og den nøyaktige plasseringa av desse er i dag usikker. Ved vatnet er det òg kjend automatisk freda kulturminne i form av fangstanlegg. I nordenden av vatnet er det registrert eit fangstanlegg som inneheld tre oppmura fangstgraver, leiegjerder og eit bogastelle, medan det i sørenden av vatnet er registrert fleire fangstgraver.

#### *Vurdering av funnpotensial og behov for nye registreringar*

På bakgrunn av kjende automatisk freda kulturminne, tidlegare registreringar frå 1960-talet og synfaringar i seinare tid, vurderer fylkeskommunen at det er eit klart behov for nye arkeologiske registreringar i og ved reguleringssona for Søndre Sulevatn. Det er stort potensial for ytterlegare funn av førhistoriske lokalitetar.

I 2011 gjennomførte arkeologar frå Universitetsmuseet i Bergen ei kort synfaring ved Sulevatn, på eit tidspunkt då vasstanden var senka under opphavleg nivå. Det vart observert svært store mengder steinalderfunn som vart erodert fram i dagen, mellom anna ulike typar kvartsitt og flint, brent bein, trekol og moglege eldstader. Observasjonane indikerer at det er omfattande førhistorisk aktivitet i området og at kulturminna er påverka av kraftig erosjon i reguleringssona. Same år gjennomførte Universitetsmuseet arkeologiske undersøkingar i samband med neddemming av Vesle og Store Juklevatn. I erosjonssona vart det registrert eit stort funnmateriale, i form av 23 lokalitetar frå steinalder, dei fleste ned mot opphøveleg strandlinje. Samlege lokalitetar var tydeleg påverka av reguleringa og stod fram som sterkt utvaska, og overleira. Berre nokre få lokalitetar vart påvist i øvre del av reguleringssona som er mest utsett for erosjon<sup>1</sup>. Til samanlikning vart det under den arkeologiske registreringa på 1960-talet påvist seks steinalderlokalitetar før reguleringa av Juklevatn. Det visar at nyregistrering kan avdekke vesentleg fleire lokalitetar enn tidlegare undersøkingar. Dette har mellom anna samanheng med at vegetasjonen er erodert bort, og at det aukar sjansen for å finne nye lokalitetar. Konklusjonen frå undersøkingane i 2011 er at nyregistrering i regulerte vassdrag har stor fagleg verdi<sup>1</sup>.

Nye kulturminneregistreringar ved Sulevatn må kartlegge og avklare omfang av førhistoriske kulturminne i reguleringssona. Vidare må det gjerast ei vurdering av tilstand og skadeomfang på eventuelle kulturminne i regulert sone, særleg knytt til påverknad frå erosjon. Det er viktig å dokumentere korleis regulering over tid eksponerer og skadar kulturminne i strandsona. Eit slik oppdatert kunnskapsgrunnlag vil vere naudsynt for å kunne vurdere vidare forvaltningstiltak og eventuelle avbøtande tiltak i området.

#### *Skadeårsakar og verknadar*

Skadeomfanget på kulturminne i regulerte vatn er svært varierande. Enkelte kulturminne kan verte betydeleg skada, medan andre vert lite påverka. Det som gjer mest skade på kulturminna er erosjon. Erosjonen skuldast i hovudsak at vasstanden i magasina stadig vert endra. Kulturminna som då ligg i reguleringssona vert utsett for utvasking - tørrlegging - utvasking. Bølger og isdanning på vinteren arbeidar til stadigheit med strandsona. Den opphøvelege konteksten til kulturminna vert meir utydeleg og uryddig. Rørsler i isdanning på vinteren og påfølgjande smeltingar av denne fører og til stor omroting og ikkje minst redisponering av sedimenta, inkludert potensielle artefaktar frå kulturminnelokalitetar. Dette fører til at kunnskapspotensialet i dei arkeologiske lokalitetane vert forverra med tida. Det er derimot lite dokumentert korleis skadeprosessar verkar på kulturminna, ikkje minst kor lang tid det tek før ulike kulturminne må reknast som tapte.

Reguleringar og overføringar i Lærdalsvassdraget og yttarlegare regulering av Vassevatn i Lærdal  
Dersom reviderte konsesjonsvilkår for 1966-konsesjonen og 1969-konsesjonen medfører nye terrenginngrep som ikkje er omfatta av gjeldande konsesjon, må tilhøve til automatisk freda kulturminne avklarast. Det må såleis takast inn i reviderte vilkår at tilhøve til automatisk freda

<sup>1</sup> Tøssebro, C. og L. I. Åstveit: Arkeologisk registrering ved Juklevatn, Lærdal kommune, Sogn og Fjordane og Hemsedal kommune, Buskerud. SFYK, Universitetsmuseet i Bergen, UIB.2012

kulturminne må avklarast jf. kulturminnelova § 9 før anleggstart. Fylkesdirektøren meiner at det bør setjast inn i reviderte vilkår at Vestland fylkeskommune skal kontaktast før eventuelle planlagde nedtappingar/særleg låg vasstand, slik at tidlegare registrerte kulturminne kan tilstandsregistrerast og kartfestast.

I samband med konsesjonsbehandlinga for Lærdalsvassdraget vart det gjennomført omfattande arkeologiske registreringar i perioden 1965 til 1969, og med mindre etterundersøkingar i 1970 og 1971<sup>2</sup>. Undersøkingane omfatta mellom anna Store Øljusjø, Eldrevatn/Tjørni, Juklevatn, Søre Sulevatn, og Kvevatn, hovudsakeleg i områda som skulle demmast ned. Eit stort omfang av kulturminne frå steinalder vart registrert, særleg ved Eldrevatn og Store Øljusjø, også det store kvartsittbrotet ved Kjølskarvet ble påvist.

Det vart samla sett registrert om lag 75 steinalderlokalitetar, 40-50 dyregraver, samt nokre hus/telttufter og hellere med kulturlag. Det vart registrert 12 steinalderlokalitetar ved Søre Sulevatn, seks lokalitetar ved Juklevatn, 29 lokalitetar ved Eldrevatn/Tjørni og 27 lokalitetar ved Store Øljusjø. Av desse vart 24 steinalderbuplassar arkeologisk utgrave, hovudsakeleg dei som låg ved Eldrevatn og Store Øljusjø<sup>3</sup>. Dei øvrige steinalderbuplassane, samt fangstanlegg og spor etter tufter frå jernalder og mellomalder vart ikkje nærare undersøkt. Fleire av kulturminna som då vart påvist er påverka av reguleringa, andre ligg i område som seinare vart neddemd. Mange av dei påviste lokalitetane er registrert i kulturminnedatabasen Askeladden og har status som automatisk freda jf. kulturminnelova § 4. For fleire av lokalitetane er kartfestinga likevel usikker grunna mangelfullt kartgrunnlag frå 1960-talet. Nokre lokalitetar manglar framleis registrering i databasen.

Ved Vassetvatn er det såvidt fylkeskommunen kjenner til ikkje gjennomført registreringsundersøkingar. Manglande registreringar ved Vassetvatn inneber at det i dag ikkje finst tilstrekkeleg kunnskap om eventuelle automatisk freda kulturminne i området.

#### *Nye registreringar*

I seinare år er det utført nye arkeologiske registreringar og undersøkingar i området, mellom anna i samband med utbygging av Eldrevatn kraftverk, opprusting av damanlegg, nedtapping av Vesle og Store Juklevatn og Kvevatn, utbetring av RV.52, og Nordfjella skrantesjuke (CWD). Nye førhistoriske kulturminne, spesielt mange steinalderlokalitetar er påvist i område rundt Eldrevatn, Juklevatn, i Kjøldalen og ved Kjølskarvet. Nokre lokalitetar ved Eldrevatnet er undersøkt av Universitetsmuseet i Bergen<sup>4</sup> og <sup>5</sup>. I samband med at vasstanden i Kvevatn skulle senkast blei det gjennomført arkeologiske undersøkingar, som påvist ei dyregrav og to lokalitetar frå steinalder, der ei av desse vart undersøkt nærare ved ei mindre utgraving<sup>6</sup>.

#### Marine kulturminne

Bergens Sjøfartsmuseum har fått saka til vurdering, men uttaler at dei ikkje har merknader til revisjonen.

#### **Vassmiljø:**

Fylkeskommunen legg til grunn gjeldande regional vassforvaltningsplan og departementet sitt godkjenningsvedtak, der både Lærdalselvi nedre og øvre har fastsette miljømål om godt økologisk potensial (GØP), som er høgare enn dagens tilstand. Som vassregionmyndigheit har fylkeskommunen ansvar for oppfølging av miljømål etter vassforskrifta, medan Statsforvaltaren har ei sentral rolle i den miljøfaglege forvaltninga av anadrome og regulerte vassdrag. Fylkeskommunen vil peike på at miljømåla er fastsette ut frå vurderingar innan eksisterande regulering, og at vilkårsrevisjon er eit viktig verkemiddel for å vurdere om endra vilkår kan gi betre føresetnader for måloppnåing. Lokale hydrauliske og habitatmessige forhold bør difor vurderast opp mot dei fastsette miljømåla, i tett samanheng med Statsforvaltaren sine faglege vurderingar.

#### **Villrein:**

<sup>2</sup> Indrelid, S: Arkeologiske undersøkelser i vassdrag. Faglig program for Sør-Norge, Riksantikvaren 2009.

<sup>3</sup> Arne B. Johansen: Høyfjellfunn ved Lærdalsvassdraget II. Universitetsforlaget. 1978


<sup>4</sup> Årskog, H. og L. I. Åstveit: Arkeologisk undersøkelse av Lok 6 Eldrevatn. Bosetning fra eldre steinalder, yngre steinalder og eldre bronsealder. Lærdal kommune. SFYK, Universitetsmuseet i Bergen. UIB.2013

<sup>5</sup> Årskog, H. og L. I. Åstveit: Arkeologisk undersøkelse av Lok A Eldrevatn, lokalitet fra tidligneolitikum. Bosetning fra eldre steinalder, yngre steinalder og eldre bronsealder. Lærdal kommune. SFYK, Universitetsmuseet i Bergen. UIB. 2014

<sup>6</sup> Årskog, H. og L. I. Åstveit: Sikringsundersøkelser i erosjonssonen ved Kvevatn. Funn av to lokaliteter fra steinalder på høgjellet, Lærdal k., Sogn og Fjordane fylkeskommune. SFYK, Universitetsmuseet i Bergen. UIB.2018

Tiltak Vedrørende Lærdalsvassdraget er lokalisert innanføre grensene til Regional plan for Nordfjella. Vestland fylkeskommune har soleis eit særleg omsyn knytt til både areal- og villreinforvaltning i området.

Som utklippet frå den regionale planen i figur 3 syner, er det aktuelle området definitivt i viktig funksjonsområde for villrein, både vinterbeiteområde, sommarbeiteområde og kalvingsområde.



Figur 3: Hovudfunksjonsområde (innanfor dei administrative grensene) for reinen dei siste 30 åra. Blått viser viktige vinterbeite, grønt viser viktige sommarbeite og skravur viser kalvingsområde. Kjelde: Regional plan for Nordfjella 2014-2025.

Elles viser vi til retningsline for Vassdrag § 2.7 i Regional plan for Nordfjella;

*«I regulerte vassdrag skal regulanter og kommuner i fellesskap søke å restaurere landskapsskader og så langt mulig reetablere trekkveger for villrein. Ny kraftutbygging, utvidelse av eksisterende kraftanlegg som gir arealbeslag i viktige villreinområder og nye kraftlinjer bør unngås i planområdet. Konsekvenser for villreinstammen skal utredes i henhold til nyeste kunnskap både ved eventuelle nye reguleringer og ved vilkårsrevisjoner.»*

I den regionale planen er det definert fleire «fokusområde», som treng særleg oppfølging. Desse områda har både viktige funksjonar, som viktige trekk-, kalvings- eller beitekvalitetar, men samstundes der infrastruktur og menneskeleg aktivitet som er / kan vere til hinder for reinens naturlege bruk av området. Eit av desse områda er Gravdalen, som er beskive følgjande:

*«Gravdalen er, og har lenge vært, et svært viktig trekkområde i øst-vestlig retning. Det gir adkomst til viktige beite- og kalvingsområder. Det går veg inn til Kvevatn og det er reguleringsinteresser i området.»*

Som Vestland fylkeskommune tidlegare har spelt inn i samband med tiltak i *Gravdalen*, ønsker vi igjen å understreke viktigheita av dette kjerneområdet, og behovet for å vise stort omsyn til reinens behov her. Dersom tiltak skal gjerast, har vi også oppmoda å prioritere å gjere seg ferdig med alt anleggsarbeid ~~for~~ reetableringa av Nordfjella sone 1 er i gang. Sidan dette innspelet for nokre år sidan, har regjeringa no fatta vedtak om at ein skal starte arbeidet med reetablering av sone 1, og arbeidet med dette vil truleg starte for fullt denne sommaren, med mål om at dei første dyra trekk over frå sone 2 til sone 1 i løpet av vinteren 2027. Det er då svært viktig at dyr som eventuelt etablerer seg i sone 1, har god tilgang til dei beste og viktigaste funksjonsområda heilt frå fyrste etableringsfase. Vi vil difor understreke behovet for å ferdigstille naudsynt anleggsarbeid så fort som mogleg, ideelt i løpet av 2026.

I tillegg vil vi påpeike at menneskeleg ferdsle i desse kjernerområda til villreinen, som eit resultat av auka tilkomst til fjellet gjennom anleggsvegar, båtramper m.m., også har ein betydeleg negativ effekt for villreinen når den er attande i sone 1. Konesjonær bør i den forbindelse ha eit særskilt fokus på reelle og effektive avbøtande tiltak for å redusere dei negative konsekvensane av deira inngrep i naturen. Restriktiv bomming av vegar kan vere naudsynt. Vi vil påpeike at det i den samanheng er viktig å ha eit overordna og langsiktig perspektiv på forstyringar i desse sårbare høgfjellsområda.

I forlenging av dette viser vi til Villreinutredning til revisjonen av konsesjonsvilkår for Lærdalsvassdraget (Naturrestaurering AS), som seier «... *det (er)svært viktig at dagens relativt strenge «vei-regime» består (med helt stengte vinterveier og også stengt med bom sommerstid). I tillegg kan det være fordelaktig å gjennomføre avbøtende tiltak for å redusere det opprinnelige skadeområdet. I et samlet belastningsperspektiv er det i så måte ikke bare viktig å vurdere tiltak i de berørte områdene (Kap. 6.1, avbøtende tiltak), men også utenfor dette (Kap. 6.2, kompensierende tiltak)*».

I tillegg til avbøtande og kompensierende tiltak som nemnd over, vert det lista opp tiltak som er foreslått gjennom utkast til tiltaksplan for Nordfjella villreinområde (Statsforvaltaren i Vestland). Det er her foreslått ei rekke gode tiltak som vil kunne betre høva for reinen i Nordfjella, men det er førebels berre faglege forslag, som ikkje er ferdig handsama i departementet (KLD). Fylkeskommunen stiller seg bak forslag til tiltak som vil betre høva for reinen, og understrekar at aktørar som på den eine eller andre måten bidreg til å fragmentere leveområda og reduserer kvaliteten på funksjonsområda, må ta ansvar for finansiering av tiltak (jf. forurenar-betalar prinsippet i NML§11).

Det vert vist til tiltak som omlegging av fotruter og vinterløyper som kompensierende tiltak, og at dette vil også krevje tett samarbeid mellom involverte aktørar, som til dømes konsesjonær, friluftsforsamlingar, fylkeskommunen og lokale villreininteressar. Vi kan i samband med det nemne at Nordfjellarådet (samarbeidsorgan for handtering og gjennomføring av den regionale plane for Nordfjella (sekretariat frå Buskerud og Vestland fylkeskommunar)), planleggast oppstart av ein Felles sti- og løypeplan for Nordfjella villreinområde. Det er naturleg at fleire av dei nemnde tiltaka i saksomfanget vert sett vidare på i den samanheng.

I tillegg til å støtte opp om diverse krav om avbøtande tiltak fremma av lokal villreinforvaltning, vil vi også trekke frem eit krav om at Østfold energi som del av vilkårsrevisjonen skal betale inn til eit villreinfond. Dette har allereie blitt ein utbreitt praksis i seinare konsesjons- og revisjonsprosessar, og vi reknar med det same vil gjerast gjeldande i revisjon av konsesjonsvilkår for Lærdalsvassdraget.

### **Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi:**

Saka bidreg positivt til måla i Utviklingsplan for Vestland, ved å leggje til rette for vidare bruk av regulerbar, fornybar vasskraft som ein sentral føresetnad for klimaomstilling, grøn verdiskaping og trygg kraftforsyning i fylket. Samstundes reiser saka viktige avvegingar mellom kraftproduksjon og omsyn til naturmangfald, landskap og villrein.

Saka nyttar fleire av strategiane i utviklingsplanen aktivt, mellom anna ved å leggje vekt på kunnskapsbaserte avgjerder, samordning mellom sektorar og forvaltningsnivå, langsiktig ressursforvaltning og balanserte løysingar i møte med målkonflikter. Gjennom vilkårsrevisjonen har ein fokus på modernisering av eksisterande infrastruktur framfor nye inngrep, i tråd med strategien om å bygge på det Vestland alt er god på.

Vilkårsrevisjonen bidreg samla sett til å balansere miljømessig, sosial og økonomisk berekraft, slik dette er definert i fylkeskommunen sin berekraftsmodell. Miljømessig ved at det vert vurdert nye og oppdaterte vilkår for å betre økologiske forhold og avgrense forstyringar i sårbare område, sosialt ved å ta omsyn til tryggleik, rettferdig fordeling av belastningar og levevilkår i lokalsamfunna, og økonomisk ved å sikre rammer for stabil kraftproduksjon som grunnlag for verdiskaping og omstilling i Vestland.

### **Konklusjon**

Lærdalsvassdraget rommar eit vasskraftsystem med stor betydning for kraftforsyning, klimaomstilling og flaumhandtering, samstundes som reguleringane påverkar eit område

med særleg høge natur- og kulturverdiar. Med ei samla årleg kraftproduksjon på om lag 1,2 TWh, der Borgund kraftverk er hovudanlegget, er reguleringane viktige for vinterkraft, effekt og systemtenester i eit kraftsystem med aukande innslag av uregulerbar fornybar energi.

Dei faglege vurderingane syner samtidig at reguleringane har dokumenterte konsekvensar for vassmiljø, fisk, friluftsliv, villrein og kulturminne, og at fleire av vassførekomstane har fastsette miljømål som i dag ikkje er nådde. Vilårsrevisjonen gir difor eit viktig høve til å modernisere eldre konsesjonsvilkår.

Fylkesdirektøren legg vekt på omsynet til automatisk freda kulturminne i reguleringssoner, der det er påvist både omfattande førhistorisk aktivitet og pågåande skade gjennom erosjon. Det er dokumentert stort funnpotensial ved fleire magasin, særleg ved Søndre Sulevatn og Juklevatn, og vilårsrevisjonen må sikre eit oppdatert kunnskapsgrunnlag gjennom nye arkeologiske registreringar og naudsynt dokumentasjon. Bruk av sektoravgift framstår som eit sentralt verkemiddel for å kunne gjennomføre slike undersøkingar og vurdere vidare forvaltingstiltak.

Vidare understrekar fylkesdirektøren behovet for omsyn til villrein i Nordfjella, der tiltak ligg i sentrale funksjonsområde. Krav om effektive avbøtande tiltak, innbetaling til villreinfond og rask ferdigstilling av anleggsarbeid i Gravdalen er avgjerande for å sikre god tilgang til viktige beite- og trekkområde i samband med reetableringa av sone 1. Det må òg takast omsyn til konsekvensar for fylkesvegnettet og pågåande planarbeid, særleg langs fylkesveg 271.

Samla sett vurderer fylkesdirektøren at vilårsrevisjonen kan bidra til ei heilskapleg og balansert løysing, der omsynet til miljømessig, sosial og økonomisk berekraft vert sett i samanheng, i tråd med regionale planar for fornybar energi, klima, vassforvalting og berekraftig verdiskaping. Det er avgjerande at dei endelege vilkåra byggjer på dokumentert nytte, godt kunnskapsgrunnlag og ei samla vurdering av belastninga på natur, kulturarv og samfunn.